



HALLINGDAL BARNEVERNSTENESTE

Interkommunale barnevernsteneste Flå, Nes, Hemsedal, Gol, Ål og Hol

Samarbeidsavtale

1. Vertskommune/samarbeidskommune

Kommunane Flå, Nes, Hemsedal, Gol, Ål og Hol har vedteke å opprette felles administrasjon for utøving og drift av barnevernstenesta i dei seks kommunane etter reglane i kommunelova § 28 b – vertskommunesamarbeid.

Ål kommune skal vere vertskommune og dei andre fem kommunane samarbeidskommunar.

2. Delegasjon

Ål kommune ved rådmannen får delegert all mynde (rettar og plikter) til utøving av lov om barnevernsteneste av 20.07.92, nr. 100, frå dei fem andre kommunane.

Rådmannen kan delegere dette myndet vidare til barnevernsleiaren.

3. Iverksetjing og oppseiing

Denne avtale gjeld frå 01.09.10, men omfattar og planleggingsperioden frå 01.09.09. når det gjeld økonomi (sjå punkt 6 nedanfor).

Alle oppgåver etter lov om barnevernstenester blir frå dette tidspunkt overført til rådmannen i Ål.

Avtala er ikkje avgrensa i tid, men kan seiast opp med 1 års varsel. Oppseiing må vere skriftleg etter vedtak i det enkelte kommunestyre, og gjeld frå 31.12. det enkelte år.

Dei seks kommunane kan avtale kortare avviklingstid, dersom alle er samde om det.

4. Personale

Personalet som i dag er tilsett i barnevernstenesta i samarbeidskommunane blir med verknad frå 01.09.10., etter nærare avtale mellom den tilsette og kommunen, overført til Ål kommune, som blir deira nye arbeidsgjevar.

Dei tilsette går inn i den nye felleseininga for barnevernstenester i dei seks Hallingdalskommunane – Hallingdal barnevernsteneste.

5. Styringsgruppe

Det skal opprettast ei styringsgruppe for barnevernstenesta, som er samansett av rådmennene i dei seks kommunane.

Styringsgruppa har oppgåver knytt til organisering, økonomi og lokale, men er ikkje overordna barnevernsleiaren i faglege spørsmål innan barnevernsfeltet.

Vervet som leiar skal gå på omgang mellom kommunane for to år om gongen.

Til møta i styringsgruppa skal barnevernsleiaren rapportere/orientere om budsjett, status for oppfølging av saker, personalsituasjon og liknande.

Barnevernsleiaren rapporterar til rådmannen i Ål, og er medlem i avdelingsleiargruppa i kommunen.

6. Økonomi

Det skal kvart år gjerast vedtak om eit samla budsjett for barnevernstenesta. Dei faste driftsutgiftene – lokale, personale, offentleg avgifter m.m. - skal fordelast etter den vedtekne fordelingsnykelen for regionen, med 30 % fordela likt mellom kommunane og 70 % i høve til folketalet 1. januar i budsjettåret.

Vertskommunen er ansvarleg for overordna leiing, rekneskapsføring, revisjon og liknande for tenesta, utan refusjon frå samarbeidskommunane.

Samarbeidskommunane betalar eit a konto beløp på 25 % av kommunens budsjetterte årsbeløp til vertskommunen den 10. i første månaden i kvart kvartal. Det blir gjennomført avrekning etter avslutta rekneskap, seinast 15.02. året etter budsjettåret.

Kvar kommunen har det økonomiske ansvaret for tiltak og andre eksterne kostnader til tiltak knytt til barnet i den enkelte kommune. Det skal førast prosjektrekneskap for tiltak knytt til barn i kvar kommune.

Vertskommunen utarbeider utkast til budsjett, som blir handsama og tilrådd i styringsgruppa før det vert sendt til kommunane. Forslag til budsjett skal vere sendt frå styringsgruppa til kommunane innan 01.09. året før budsjettåret.

Styringsgruppa skal gjennom budsjettåret bli halden orientert om budsjettsituasjonen, og kunne ta opp med sin kommune utviklinga i økonomien i tenesta.

Kostnader i planleggings- og etableringsfasen som gjeld det felles barnevernet, skal forskotterast av vertskommunen og førast på eigen konto i kommunen sin rekneskap, og fordelast etter same fordelingsnykel som nemnt ovanfor (annonsering, eksternt bistand m.m.).

Kostnader som den enkelte kommune har til arbeidet med etableringa skal dekkast kommunen (reiser, arbeidstid, møter m.m.).

7. Juridisk ansvar

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og er rettsleg ansvarleg for dei.

Vertskommune og samarbeidskommunar sitt ansvar vil elles vere regulert av gjeldande lover. Ut over dette gjeld dei til ei kvar tid gjeldande lover i høve til delegering, kontroll, revisjon m.m.

8 Informasjon

Hallingdal barnevernsteneste er i samarbeid med dei seks kommunane ansvarleg for informasjonsarbeidet om tenesta overfor innbyggjarane i den enkelte kommune.

9. Lokalisering

Hallingdal barnevernsteneste skal vere lokalisert sentralt i Ål kommune, og ligge slik til at den er lett tilgjengeleg for brukarane av tenesta.

I tillegg til hovudkontoret skal det vere kontor med tilgang til møterom i kvar av samarbeidskommunane, der dei kan ha møter/avtaler med klientar og samarbeidande einingar i kommunen. Møter med klientar og samarbeidande einingar i kommunen skal gjennomførast i den kommune kor klienten høyrer heime. Barnevernstenesta vil bli organisert slik at den tilsette kan møte direkte på kontoret i samarbeidskommunen i slike tilfelle, slik at barnevernsarbeidet blir mest mogeleg effektivt.

Kostnadene med dei lokale kontora og møteroma blir dekkast av kvar kommune. Ål kommune skal på same måte som dei andre kommunane dekke kostnader til sitt "lokalkontor".

10. Eventuell avvikling av samarbeidet

Avtala kan seiast opp med eitt års varsel, gjeldande frå 31.12. i det einkilde år. Det kan gjerast avtale om kortare avviklingstid.

Ved avvikling skal personalet fordelast etter same faktor som gjeld for kostnadsfordeling for drifta av kontoret (§6). Personale som er overført frå samarbeidskommune har førerrett til å bli attendeført til denne kommunen.

Overføringa av personale skal skje etter gjeldande lov- og avtaleverk.

Utgifter som vil kome etter at oppseiingstida er ute skal dekkast av partane i avtala i samsvar med punkt 6, som gjeld for utgiftsfordeling, til desse tek slutt (til dømes husleige, lisensar m.m.). Husleige som Ål kommune har til privat utleigar etter at oppseiingstida er ute, kan ikkje krevjast forholdsmessig dekkast av kommunane.

Vertskommunen har plikt til å redusere slike utgifter mest mogeleg.

Fordeling av egedelar, dataprogram m.m. skal skje etter nærare avtale og etter same fordelingsnykel som gjeld for drift av kontrakt. Dersom partane ikkje blir samde om verdiane på dette, skal denne fastsetjast av ein uavhengig takstperson.

Flå, Nes, Hemsedal, Gol, Ål og Hol kommunar

(dato) 21.08.2012

Leiv Erik Sævi *Odd Egil Skar* *Harald* *Stav* *Per Høglund*
Leiv Erik Sævi